



John Egil Livden Grindheim  
Myrdalskogen 469  
5117 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2499 - 18/32902

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
31.10.2018

## Avslag på forhåndstilsagn om avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 214/45 Fyllingsnes

**Tiltak:** Førehandstilsagn for avkøyrsl  
**Byggjestad:** Gbnr: 214/45 Fyllingsnesvegen 204  
**Tiltakshavar:** Kari Grindheim  
**Ansvarleg søkjar:** John Egil Livden Grindheim

Delegasjonssak nr.: 590/18

Saka gjeldt søknad om forhåndstilsagn for utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det er levert inn søknad om utvida bruk av eksisterand avkøyrsl til kommunal veg kv1110, Fyllingsnesvegen. Informasjon lagt ved søknad om forhåndstilsagn, seier at tomta ikkje vert bygga på pr. i dag.

#### Vurdering/drøfting:

Dagens avkøyrsl mot Fyllingsnesvegen er bratt og kjem ut rett før ein sving. Avkøyrsla slik den ligg i dag, tilfredstiller ikkje krava til sikt, stigning eller at man kan stå plant og vinkelrett på veg. Ved utvida bruk av eksisterande avkøyrsl må slike krav vera tilstades.

#### Samandrag/konklusjon:

Så lenge dagens avkøyrsl ikkje er etablert i samsvar med dei krava ein set til avkøyring mot offentleg veg, kan ikkje vegavdelinga godkjenne utvida bruk av denne avkøyrsla.

Teknisk drift kan vurdere saka på nytt dersom det vert vist til tiltak som gjer at avkøyrsla kan godkjennast etter dagens krav.



**Vedtak:**

Lindås kommune gjev avslag på forhåndstilsagn om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Avslaget er gitt med bakgrunn i at:

- Avkjørsla, slik den ligg i dag, er ikkje opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Lindås kommune si vegnorm som er basert på vegnormal N100.
- Krava til frisktsoner er å finne i tabell s. 25 i vedlagt kommunal vegnorm
- Krava til utforming av avkjørsler mot kommunal veg er å finne på s. 27 i vedlagt kommunal vegnorm.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vegnorm 2017 - for Lindås Kommune

**Mottakarar:**

John Egil Livden Grindheim  
Kari Grindheim

Myrdalskogen 469 5117  
Myrdalskogen 469 5117

ULSET  
ULSET